



Abo Plan & Arkitektur Stord AS  
Torgbakken 9  
5411 STORD

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/2034 - 22/20690

Saksbehandlar:  
Ingrid Bjørge Pedersen  
ingrid.bjorge.pedersen@alver.kommune.no

Dato:  
14.03.2022

## Ferdigattest - gbnr 423/19 Marøy

**Administrativt vedtak:** Saknr: 272/22  
**Tiltakshavar:** Lingalaks AS  
**Ansvarleg søkjar:** Abo Plan & Arkitektur Stord AS  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest

### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for utviding av flytebryggje på gbnr 423/19//.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset.

Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 13.02.2019. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken og supplert 02.03.2022.

### Skildring

Adresse:	Marøyvegen 375
Bygningstiltak:	Utviding av eksisterande flytebryggje
Bygningsnummer:	-
Bruksareal:	-

Avlaup:	-
Vatn:	-

**Regeleverk**

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følger av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/2034

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Abo Plan & Arkitektur Stord AS    Torgbakken 9    5411  
Lingalaks AS    Grovabrotet 8    5600

STORD  
NORHEIMSUND